

DETALJREGULERING
STEINUTTAK PÅ GNR. 49 BNR. 3 og 11, STOKKELAND
VESTNES KOMMUNE

«DJUPMYRA» - REGISTRERING OG VURDERING

25.05.2023




PlanID 15350160

1 INNLEIING

I samband med tidlegare uttaksløyve og no ved oppstart av reguleringsarbeidet for utviding av masseuttaket på Stokkeland, har det vore fokusert på myrområdet som ligg nord for uttaket. Myra er kalla «Djupmyra» og er registrert i NIBIO sitt register Kilden:

D



Fokuset har vore at uttak av steinmassar ikkje måtte føre til at myra vart drenert ut og dermed redusert/forringa.


I samband med dette reguleringsarbeidet er det gjort ei nærare vurdering av myra for å fastsette ei avgrensing av steinuttaket.

2 STATUS

Definisjon av djupmyr:

NIBIO – Norsk institutt for bioøkonomi – definerer i sin omtale av arealtype myr i AR5 (arealressurskart tilpassa målestokk 1:5000) som «*Arealtype myr, med meir enn 100 cm torvlag*». Myr er generelt definert som «*areal med myrvegetasjon og minst 30 cm tjukt torvlag*». NIBIO poengterer vidare at «*Hovudregelen er at areal blir klassifisert som myr etter ei samla vurdering av vegetasjon, torvlaget og dei naturlege dreneringsforholda på staden. Desse faktorane må sjåast i samanheng.*»

Topografi:



Fallretingar i terrenget

Djupmyra ligg med svakt fall mot vest. I nord ligg den opp mot ein åsrygg, mens i vest og sørvest er terrenghellinga noko meir markert. Dette hovudraget påverkar overflateavrenninga. I ytterkanten av myra i nord, er det etablert ein kanal som fører avrenning mot Løken, som kjem frå Søråsvatnet. Denne fangar også opp og reduserer tilsiget til myra frå terrenget i nord og aust.

Tiltak:

Forutan at eksisterande masseuttak ligg inn til delar av Djupmyra i sør, er det tidlegare gjort tiltak i terrenget som påverkar myra.

I vest grensar den til eit område som er grøfta med avrenning til Løken.


Langs heile nordsida av myra er det ein open kanal med avløp same vegen.

I nordaust er det opparbeid ein veg/skogsveg delvis over sjølve myra.

Dobbeltmasta høgspenline går over myra.


Området nordaust for myra er også grøfta og drenert ut, men her har terrenget i all hovudsak fall nordover.

Tidlegare har det vore tatt ut torv i myra. Nærast planområdet er desse uttaka målt inn.



Skraverte felt er torvtak

Frå desse torvtaka er det grave grøfter for å trekke ut vatnet. Det er fleire torvtak lenger aust i myra og.



Relieffkart som viser tiltak i området.

Vegetasjon:



Sør for høgspenninglina som går i plangrensa mot nord, må mykje av planområdet karakteriserast som open, karrig kystfuruskog, dominert av blokkebærlyng i skogsbotnen. Sjølve området Djupmyra er elles nemnt som artsfattig, jfr. rapport.



Furuskog - kystfuruskog

3 REGISTRERING AV MYRDJUPNE


For sondering av myrddjupne er det nytta sonderingsbor med borkrone for leire og mjuke jordartar. Det vart etablert eit rutenett – 10x10 m. Etter bruk av sonderingsbor, vart kvart punkt målt inn med totalstasjon, inkl. høgde. På denne måten fekk ein også kotehøgda for botn myr/torvlag.



Sonderinga viste eit sand og gruslag under myra, nokre stader stein.



Humushaldig sand i botnen



Profil overflate og botn myr

Vurderingar:

Myra ligg på fast grunn, drenerande sand og grus, og grensar inn til område med fast fjell som ligg som rygg i retning aust – vest.


Kartet viser at frå pel 110-120 vik myra nordover, frå steinbrotet. Sonderingane kan underbygge dette ved at det ser ut for at undergrunnen stig markant, delvis med rygg mot sør. Dette vil demme opp og leie vatnet i botnen av myra mot vest.

Ved å studere den sprengte kanten mot nord i steinbrotet, viser det seg å vere lite vassig ut over kanten. Det vesle siget som gjer seg gjeldande, ser ut til å komme der ein har veita ut vatn i samband med torvtak.

Med visning til kartgrunnlaget med registrering av Djupmyra, lausmasseregistreringar/-kart, grunnundersøkingar som gir indikasjonar på terrenget under myra, og registrerte vassig, er det grunn til å tru at undergrunnen demmer og leier vatnet ut av myra mot vest.

Eksisterande steinbrot ser ikkje ut til å ha hatt nemnande påverknad på Djupmyra.

For planarbeidet betyr dette at i området der dagens inngrep ser ut til å tangere Djupmyra, bør det ikkje sprengast vidare nordover. Dette for å hindre utsig av vatn i botnen av myra mot sør. Utviding mot aust og vest vil kunne skje innanfor den avgrensinga som er vist nedanfor, utan at det vil påverke myra og drenering ut frå denne.



4 NATURFAGLEG VURDERING

Det er gjort ei naturfagleg vurdering av Djupmyra av Bernt Gjelsten, Naturoppsyn og kulturminnetjenester. Rapporten ligg vedlagt.

Av denne går det fram at Djupmyra kan kategoriserast som kystmyr/fattigmyr, og at ein med relativt enkle tiltak kan forebygge eventuell skadeverknad på myra.

I reguleringsplanen er det avsett ein buffersone mellom uttak og natur-/myrområde, og det er konkretisert at det skal leggjast opp terrengvollar i denne sonen for å redusere mogleg avrenning frå myra mot steinbrotet.

Slik utvidinga av steinbrotet/masseuttaket no er planlagt gjennom reguleringsplanen, vil dette ikkje påverke myra eller grunnlaget for denne.

Vedlegg: 2022.10.28. Rapport frå Naturoppsyn og kulturminnetjenester

JOBing

Ing. Jostein Bø
Kråkvika 33
6390 Vestnes